



Jannicke Angelskår og Dag Sætre
Sætrevegen 9
5936 MANGER

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/299 - 14/9465

Saksbehandlar:

Helge Vallestad

helge.vallestad@radoy.kommune.no

Dato:

04.09.2014

Gjeld søknad om gratis skuleskyss

Viser til søknaden Dykkar om at Tobias Sætre, f. 12.03.03, får fri skyss skuleåret 2014/15 frå heimen til Manger skule, grunna særleg farleg skuleveg.

Hovudutval for oppvekst og omsorg handsama i sak 09/00 spørsmålet om rett til fri skuleskyss grunna særleg farleg skuleveg, og slutta seg til innstillinga frå ei nemnd som hadde vurdert skulevegane i dei ulike krintane i lys av opplæringslova § 7. Tilrådinga vart seinare vedteken av kommunestyret. Nemnda si vurdering var at den omtalte vegstrekninga ikkje var særleg farleg. Eit moment i denne vurdering var at fylkesmannen ikkje hadde gjeve søkjarane medhald i at dei hadde særleg farleg skuleveg i ei sak som gjaldt barneskuleelevar frå Tveiten med skuleveg til Manger.

I 2012 og 2013 har fylkesmannen gjeve klagarar medhald i to tilfeller grunna tilhøve som kan ha presedens for denne søknaden.

- Klagar fekk medhald i at Hellandsvegen var særleg farleg, i hovudsak grunna strekket frå bensinstasjonen og ned bakken mot Manger (berg – smal veg – stup).
- Klagar fekk medhald i at Solendvegen var særleg farleg, i hovudsak grunna strekket frå skaret på Lifjellet og ned bakken mot Manger (berg – smal veg – stup).

Rådmannen sitt vedtak:

Rådmannen finn at vegen frå Hellandskrysset ned mot Dallandskrysset har dei same faremomenta som er vist til i dei to nemnde sakene, men årstdøgntrafikken er større her. Vidare er strekket frå bunnen av bakken til Dallandskrysset ei smal bru med stup på begge kantar.

Rådmannen finn at dette strekket er særleg farleg. Søkjar får såleis innvilga søknad om fri skyss for Tobias Sætre, f. 12.03.03.

Med helsing

Jo Bjarte Tømmerbakke
kommunalsjef oppvekst

Helge Vallestad
rådgjevar oppvekst

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Inger Morken Ellingsen

Mottakere:

Jannicke Angelskår og Dag Sætre

Sætrevegen 9

5936

MANGER